

Pb. 54
5562 Nedstrand
Tlf. 52 77 48 50
kontor@tveit.vgs.no
www.tveit.vgs.no

Velkommen til eit nytt skuleår, 2017 - 2018

Me er glade for at du ynskjer å vera elev på Tveit Vidaregåande Skule. Tveit Vgs. er ein heilt spesiell skule som gir elevane sine både eit opplæringstilbod og eit sosialt tilbod. Dette kan me gjera fordi me har både skule og internat. Me har tilsette som verkeleg bryr seg om ungdom og som gjer sitt aller beste for at du skal trivast hjå oss. Me trur at når du trivast, lærer du også betre.

På Tveit vil du møta ungdom frå nesten heile Rogaland og deler av Hordaland. Du vil få vener som du vil ha glede av resten av livet. Alt dette i trygge omgivnader på ein flott stad.

For å få til eit godt miljø er me avhengige av at det er klare rammar for kva me kan gjera og kva me ikkje kan gjera. For at du skal ha eit godt opplæringstilbod og eit godt liv på internatet, er me avhengig av ein god dialog med foreldre og føresette.

I dette heftet finn du informasjon om kva du bør ha med deg til Tveit. Du finn også informasjon om betaling, og reglar for undervisning, fråvær og internat.

Me vil at du skal vera så godt førebudd som råd når skuleåret byrjar. Difor ligg det vedlagt ein del søknadar og reglar som du skal lesa, signera og senda tilbake.

Velkommen til Tveit Vidaregåande Skule

Tveit Vgs., april 2017
Kåre Åsheim
-Rektor-

Generell informasjon

Innflytting på internatet

Internatet opnar søndag 13. august kl. 16.00. (Kafèen er open frå kl 12.00 til 16.00) Eleven må ha med kvittering for betalt depositum og månadsleige (betalingsfristen er 1. august), og vil då få utdelt nøkkel og rom. Om foreldre/føresette ynskjer å snakka med tilsette ved skulen eller internatet om særskild tilrettelegging for elevar, kan dette avtalast på førehand. Det vert servert enkel kveldsmat for elevar og foreldre/føresette i matsalen kl. 19.00.

Fyrste skuledag

Skuleåret startar med ei felles samling i filmsalen måndag 14. august kl. 08.30. Etter samlinga går elevane til klassane og får informasjon, bøker og liknande.

Skuleskyss

Mange elevar reiser kollektivt til og frå Tveit. Det enklaste for dei fleste er å ha ungdomspass. Gå inn på www.kolumbus.no for meir informasjon.

Stipend

På nettstaden www.lanekassen.no kan elevar søkje om stipend - logg inn med MinID, så kjem du vidare til www.minside.no. Du kan finna mykje nyttig informasjon på lånekassen sine sider, så me vil oppmode deg til å gå inn der og sjå. Her finnast det også ein støtte-kalkulator som kan seie noko om kor mykje du eventuelt vil motta i stipend til hausten. **Alle elevar** som har ungdomsrett har rett på utstyrsstipend og bør søkja om det. Søknad om bortebruarstipend inkluderer søknad om utstyrsstipend. Lånekassen opne for søking i midten av juni.

Skulebøker og PC

Elevane får låna alle lærebøker på skulen. Dei må sjølv betala for skrivebøker, skrivesaker, kalkulator, formelsamling i matematikk og liknande. Vg1 fylgjer skulen si PC-ordning. Det blir sendt faktura på manglande innleverte skulebøker ved skuleåres slutt, tilsvarande verdien på boka som ny.

Bruk av bilete

På heimesida vår finne du samtykkeerklæring/reservasjon om/mot bruk av bilete som tas av deg i skulesamanheng og på arrangement i regi av Tveit Vidaregåande Skule. Me bed deg lesa igjennom avtalen, kryssa av, signera og returnera til skulen. Om du ikkje har moglegheit til å printa ut denne, kan du senda oss ein e-post og be om at me sender den til deg i posten.

Hest og hund

Tveit Vgs. har stall og ein liten kennel. Søknadsskjema for stallplass og kennelplass finne du på heimesida vår saman med meir informasjon. Om du ikkje har moglegheit til å printa ut søknadsskjemaet, kan du senda oss ein e-post og be om at me sender den til deg i posten. Me har begrensa plass i både stall og kennel og **du må søkja og få godkjend plass før du eventuelt kan ta med dyra til Tveit.**

Dette må du ha med:

På rommet finn du seng m/madrass, skrivepult, klesskap, vask og spegel. Du må sjølv ha med **dyne, pute og trekk.**

Første veka er alle klassane mykje ute, både på skulen og i nærområdet, difor er det viktig at du tek med klede og sko **som kan brukast til leik og tur utandørs - i allslags vêr.**

Arbeidsklede:

Allereie første veka vert det praktisk undervisning utandørs. Om du oppsøker fagforhandlarar av arbeidsklede/landbruksprodukt/ skogsutstyr, vil du få hjelp med for eksempel kva sko som er godkjend til motorsagbruk.

Før du byrjar må du skaffa deg:

- Vernesko/vernestøvlar

Det er påboden å nytta godkjende vernesko/vernestøvlar i det meste av arbeidet på garden.

- Skogsstøvlar

Ved arbeid i skogen skal elevane ha eigne støvlar godkjend for motorsagbruk. Sjå etter godkjenningssmerke som vist på bilete til høgre. Desse støvlane kan også nyttast i anna arbeid på garden. Du får låna vernebukse og hjelm på skulen.



- Arbeidsklede/kjeledress

Du må ha klede som kan tole hard bruk og varme grunna brannfaren i f.eks. verkstaden.

- Regnklede

- Stallsko

I stallen er det påkrevd med vernesko når du handterer og køyrer hest. Under riding skal du nytta godkjende ridesko/ridestøvlar og hjelm.